



Torunn Nilsen
Skjelangervegen 770
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/698 - 18/6205

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
21.03.2018

Godkjenning - løyve til ombygging av driftsbygg, oppføring av tilbygg, riving av 2 stk tårnsiloer - gbnr 53/1 Bratshaug

Administrativt vedtak. Saknr: 72/2018

Tiltakshavar: Torunn Nilsen

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 b)

Tiltak

Saka gjeld søknad om ombygging av driftsbygg, riving av to tårnsiloer, oppføring av tilbygg med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 72 m² og bygd areal (BYA) ca. 74 m².

Det vert elles vist til søknad motteken 13.03.18 .

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.03.18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-landbruks- natur og friluftsområde. Tiltaket er i samsvar med planstatus.

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling. Ein finn at naboar sine interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 19.05.16.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 45 meter.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Avstand til offentlig veg er opplyst å vere 78 meter.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 b) vert det gjeve løyve til tiltak for ombygging av driftsbygg, oppføring av tilbygg, riving av to tårnsiloer på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.05.16 i samsvar med teikningar motteke 13.03.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Tiltaket skal avsluttas med ferdigattest/mellombels bruksløyve med heimel i pbl. § 21-10.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden blir ettersendt, jf. pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det blir kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart og teikningar

GBNR 53/1 Bratshaug - Søknad om løyve til tiltak ombygging av driftsbygning/riving av 2stk tårnsiloer

Kopi til:

Anny Bastesen

Mottakarar:

Torunn Nilsen

Skjelangervegen 5917
770

ROSSLAND